

## — en fin stilkunstner.

I sin skjønne tale om Ivar Aasen sier Sørbø at Aasen ville reise et skriftspråk som ikke bare egnet seg til hverdagsbruk, men som også var et fullgodt medium for det høyeste i kunst og tenkning. Dette har forfatteren selv vitnet i sitt skrift. Fridtjov Sørbø's eget språk er fagert og fulltonende, dets form er fast og vesentlig som enkle runer, men det eier samtidig en rik undergrunn av ånd og følelse. Sørbø er en fin stilkunstner.

Ella Anker.

## — har udloftet Aasens Aand.

I en Vision anede Aasen en Genopstandelse av det norske Rigs-maal, som blev brudt ned, og han lagde en solid Grund med Ordbogen og Grammatiken. Saaledes mødtes Aand og Filologi, der ellers plejer at være Fjender. Med Skarphed og Samhi har Fridtjov Sørbø i sine Taler udloft denne Aand, men uden at glemme den Filologi og praktiske Virkeliggørelse, der er et Pant paa, at det er Mandagsværket efter Syernes Søndag, der afgør Traditionens Bærekraft. I begge sine Taler har Sørbø vist, at Aasen er Kølen under Skuden i dens vanskelige Sejlads i det aktuelle Farvand.

Jørgen Bulkdahl.

IVAR AASEN  
og striden i dag

Fridtjov Sørbø

Utgjeve av Ivar Aasen-ringen i Oslo

FRIDTJOF SØRBØ

# IVAR AASEN

og striden i dag

2. upplaget

Ivar Aasen-ringen i Oslo 1956



Ghar Plassen

# IVAR AASEN

Tale ved gravi åt Ivar Aasen  
14. august 1955 til utsendingane  
på landsmøtet i Noregs Mållag

**D**et er ei sjeldsynt hending at so mykje målfolk frå alle kantar av landet sankast kring gravi åt Ivar Aasen. Me hev nok Aasen i tankane i det daglege arbeid for norsk mål, men det er fyreste gong me samlast ved kvilestaden hans so mangemente som i dag. Me møter her i takk.

Då Ivar Aasen reiste upp att det norske skriftmålet, brøyte han veg for ei frigjering som nørde heimekjensla og trui på seg sjølv hjå bygdefolket og gav volkster-vilkår til rike åndsevnor. Aasen sokna djupare i norsk lynde em nokon annan nasjonal fyrregangsmann på hans tid. Det var som hundradårs norsk draum og lengsel sam-la seg i hugen hjå denne eine mannen. Ivar Aasen skapte tidarvende i norsk historie.

**D**et er hugtakande å lesa um den fyrste ferdi Aasen gjorde ut frå Sunnmøre i august 1841. Han fór sjøvegen til Bjørgvin. Frå dekket såg han innetter mot land, der folk dreiv med høyomni. Lukkelege menneske, tenkte den unge Ivar. Dei er nøgde og trår ikkje etter meir enn det lagnaden hev gjeve deim. Dei eig hus og heim, åker og eng og frodige vokstrar. Kor mykje gjævare er det ikkje å eiga alt dette em å flakka kvilelaus ikring? Ja, dei hev det som meir er: Dei hev skyldfolk og vene. Det er verre for den som gjeng åleine med alle sine tankar.

Radt sidan barneåri hadde Aasen hatt hug til å lesa og sanka kunnskapar, til å røkja etter samanhengen i alle ting. Men fanst det von for honom i det boklege, han som var bondegeut? Klufti millom drøm og røyndom tyktest rådlaust stor, «det er, kort at sige, en Afgrund af Ønsker, der staae i Strid med Omstændighederne». Aasen tenkjer på dei hine um bord, korleis dei gled seg til å møta vener og kjenningar i byen. Og han legg vårsamt til: «Hvilke ere da mine Forhaabninger? Skal denne Reise blive ligesaa frugteslös og intetsigende som alle mine øvrige Foretagender, eller skal den blive af nogen Følge for Fremtiden?» Sterke kjenslor bryt i den unge mannen. Skal hugen hans til lesing og åndsarbeid få utløysing? I Bjørgvin talar han med gode og lærende menn um vitskaplege emne. Han skriv i dagboki: «Kun i saadanne Øieblikke føler jeg mig ret inderligten tilfreds og lykkelig; jeg finder mig da ophøjet over Tidens Pinagtighed, hævet til et høiere, et virkeligt Liv, saaledes som Aanden i sit Inderste forlanger det.»

Aasen bar på ein brennande lengsel etter høgare åndsliv, etter å sannkjenna det røynde livet, livet i røyndi. I Bjørgvin fekk han ein inderleg trøng til å lyda messe; hug og hjarta tyrste etter åndeleg kveik og nøring. På dei two vekone var han i kyrkja fire vendor. Under kvelvingane i Krosskyrkja høyrdie Aasen orgelmusikk for fyrste gong. Alt frå gutedagane visste han at den var vedunderleg ven. No kjende han seg lyft og lauga av tonane, som gav atterljom i hans eigi sjæl. Ei åndeleg domkyrkje ville han reisa åt det norske folket. Der skulde den heilige tonen ljeta sterk og rein. — I éi kyrkje tala presten um dei falske profetane; i ei onnor um den utrugne tena-

ren. Aasen lagde serskilt merke til sumt av innhaldet i den fyrste preiki, og skreiv det sida ned etter minnet. Me veit at ferdi til Bjørgvin vart avgjeraude for lagaden åt vitskapsmannen Ivar Aasen. Og det var som han vigest til kallet sitt der i sjølvé kyrkjehuset. Aasen kom heile livet til å vera på vakt mot falske profetar og utrugne tenarar. Det fanst ikkje svik i honom. Um byrdi kjendest tung og veggen drjug, heldt han urikkeleg fast på sanning og rett. Han var ein mann, og ein åndsens stornmann.

**M**e hadde nok fenge ei målreising her i landet endå um Ivar Aasen inkje hadde levd. Målrørla trengde seg fram med naturleg styrke og fylte eit åndeleg tomrom. Men ho hadde visseleg ikkje fenge slik framgang og vokster utan honom. Ivar Aasen visste vèl at målførri ættia frå gammelnorsk, og han kjende samanhangen millom bygdemåli betre enn nokon på den tid. Han såg einskapen i dialektaene, grunndragi dei hadde sams, og han åtte ei storlagd evne til å leita fram dei beste formene som fall inn i eit system med samsvar, konsekvens og nasjonalserhatt. Aasen valde helst meir historiske ordformer. Desse låg næraast den gamle skriftradisjonen og høvde best for mange bygdemål på ein gong. Men han gjekk aldri utanum det som levde i målførri. Aasen-normalen var eit nasjonalt samlingsverk.

Ivar Aasen hadde ingi tru på snarvegar i norsk målreising. Han harmast yver «den Fuskar-Tanken at naar berre all Ting kann hava eit Namn, so er det stødt det same kvat Namn det er». Det nye skriftmålet skulde vera

velskipa og fagert, det laut ha ei ven og vyrdeleg form, eiga klærlek og harmoni. Alt måtte høva i lag, um verket skulde vara. «Uagtet jeg noksaa tydelig lader Folk forstaae at jeg giver deres Halvmorskhed en god Dag — skreiv Aasen — og slet ikke skjøtter om at sidde og pynte paa det 'dansk-norske' Sprog, saa bliver jeg dem dog ikke kvit.» Kunde det kvessa sansen for nynorsk mål hjå den einskilde, fekk han vel noko att for strævet. Men Aasen åtvvara mot å laga eit blandingsmål — «en kunstig Mellemting, som vilde støde paa begge Sider og ikke tilfredsstille nogen af Parterne». Desse ordi hev bod til oss som er samla her i dag. Og dei hev bod til norske styringsmakter. Det er uråd å sameina two skriftmål med vald og tvang. Kunstige hjelperåder tener berre til å flata ned og arna ut eit levande kulturmål.

Ivar Aasen visste at tungemålet høyrer uløyseleg i hop med dei sjælelege grunnkrefte i mennesket. Dette er ei sanning som ikkje samstavar med det me høyrer forknyt frå Vitskaplege lærestolar her til lands i dag. Her vert målet einast rekna for eit «kommunikasjonsmiddel». For Aasen var tungemålet noko anna og meir enn «mekanisk Pludren». Og skriftmålet han ville reisa — det skulde ikkje berre høva i kvardagslaget; det skulle vera eit fullgodt medium for det høgste i kunst og tenkjing. Då Ivar Aasen gjekk til arbeids, var det med ein draum at nasjonalmålet vilde løysa ut ei ny dikting, fengja norsk tanke og skapartrong. Med «Ervingen», som vart spela fyrste gong her i Oslo våren 1855, grunnlagde han nynorsk bokheim. Diktaren ber fram ein varm bodskap

um heimeglede og fedrased. Han syng um manns liv og manns lagnad i ei klår og einfeld form. Samning og rett vil sigra yver fals og fusk. Landslyden skal finna heim att til eigne livskjeldor og vinner framgang og lukke. Det er samljod og ævetone i dei fine og malmfaste versi. Ingen hev tolka norsk lende og lynde i meir tidlause bilete enn Ivar Aasen:

Aldri vild' eg bytt i nokonhanda Skatt  
denne vaar sæle sumarjose Natt,  
daa Jordi ligg i Skrud  
og sør' som ei Brud,  
og Dagen vaker trutt um Landet.

Me veit at grannefolki enno hev liten viljetil å skyyna livsverket åt Ivar Aasen. Men alt i 1856 gav N. F. S. Grundtvig honom lovord. I ei av talone sine på det nordiske studentmøtet i Kjøbenhavn den sumaren nemnde han «Norske Ordsprog», som Aasen nyst hadde gjeve ut. Grundtvig nyttar stundi til å «sende ham en venlig Hilsen, med Taksigelse baade paa egne og paa Ordsprogenes Vegne». Aasen var redd skandinavismen kom til å stogga norsk reising. Han las ein gong i ei svensk ordbok um kor gagnleg det vilde vera med eit sannordisk skriftmål. «Denne Paastand synes mig vel ikke urimelig, skreiv han i «Erindringer 1842—45», men dog ialfald skadelig for det egentlige norske Sprogs Anseelse; thi dette sidste vilde nok bli ganske glemt under Dannelsen af et skandinavisk Sprog, og det Arbeide hvorpaa jeg med saa megen Interesse havde taget fat, vilde saaledes være til ingen Nytte.» Då den skandinaviske stemningsbåra slo inn

yver landet i 1850-åri, var Aasen like vaken og klårtentk<sup>1)</sup>  
Diktet «I Ljomen fraa eit nordisk Møte» er ei minning  
um norsk stordomstid og ei åtvaring mot å gjeva etter:

Mange Soler hava dalat,  
sidan sidst du talad høgt;  
men dei Ord, som daa du talad,  
gløymdest inkje ret so snøgt.  
Minnast vil dei nokorlunde,  
medan Nordmanns Ætt er til.  
Og dan Kunst, du dan Tid kunde,  
kann du endaa, naar du vil.

vondt på ferdene sine kring i landet. Og jamt kom tung  
tankar på. Det som likevel varde lengst i minnet, det  
var nok synet av fjell og skog, gras og blomar, og heimar  
og grender med solbrune stovor på sundagsstille tun. Her  
møtte han folket på ny og forunderleg måte. Bundne  
krefter grét etter utløysing og fridoms volster.  
Ivar Aasen, som knapt kunde minnast røysti åt si  
eigi mor, gav att morsmålet til det norske folket. Han  
kveikte ljós og liv i landet.

**D**et er ei sanning me inkje kan stikka under stolen på  
ein stad som denne: Umbøtene i landsmålet veikjer  
bandet millom målfør og trugar ned å riva ned att Aasen-  
verket. Vert det gjort endå fleire innhog i skriftnorma-  
len, då räknar den indre samanhangen — og nynorsk fell  
attende i ulike bygdemål. Aasen mælte imot at det vart  
brigda på landsmålet, og han visste det var rådlaust å  
fram-skunda målbrytet. Olaus Arvesen hev fortalt frå ei  
samrøde millom Aasen og Ole Vig. Når det trøngst fire  
hundrad år til å gjera målet vårt lakkare enn det skulde  
ha vore, sa Aasen, «saa faar vi vel finde os i at der gaar  
en god tid til at faa reist det op igjen».

I dag for hundrad år sidan var Aasen i Slidre. Den  
dagen tona valdresdialekten for eit fint og vårnæmt øyra.  
Aasen kjende seg glad og lukkeleg kvar gong han høyrd  
at talemålet var uskipla og reint. Men han sleit mykje



<sup>1)</sup> Meir um dette i *Fridtjov Sørbo*: «Målreising og skandinavisme»,  
Samtiden 1954, s. 500—515.



Frå minnestundi på Vår Frelsars Gravlund.

# STRIDEN I DAG

Tale på årsfesten åt Vestmannalaget  
i Bjørgvin 21. januar 1956.



Ivar Aasen på Karl Johan 1893.  
Bileti er tekne av Carl Størmer.

**D**et er ei glede og ei uppleving å stå andlet til andlet med so mange vestmenn. Austlendingar hev stødt ein serskild godhug og vyrnad for Vestmannalaget, den eldste norskdomsfylking i landet. Um andre sviktar og bøygjer kne, vil Vestmannalaget halda fast på dei nasjonale grunntankane som bar laget fram. Eg lyst få gjera Aasmund O. Vinje sine ord frå 1869 til mine:

Tak imot mi Helsing, du Vestmannlag!  
Til eit vi fram vilja vinna.  
Og tru, det var meg ein Fagnadag  
no her at kUNNA deg finna.  
Eg mot deg kjende stødt eit Drag;  
Det er 'kje mange like.  
Og d'er med meg som annat Slag,  
At Like søker Like.

Soleis kjenner eg det no i kveld, på denne staden og i denne stundi.

I tidi etter 1850 sanka ein norsklynd flokk her i byen seg til arbeid for nasjonale saker som venta på løysing. Det var menn som Georg og John Grieg, J. E. Unger, Jan Prahl, Marius Nygaard, Henrik Krohn og andre. Bjørnstjerne Bjørnson budde i Bjørgvin 1857—59 og fann sitt rom i veneringen. Dette var upphavet til Vestmannalaget, som Henrik Krohn skipa i 1868 — i kveld for 88 år sidan. Vestmannalaget sette seg store mål; det vilde «kvessa Tjodskaps-Hugen hjaa Lagsmennene og fremja Nordmannskapen i Landet». Laget hadde ei rik vokster-

tid i 70-åri. Det var ei midstad for norsk reising i mange leider. Her tala Vinje og Bjørnson, og her spela Ole Bull. Bjørnson hadde varm samhug med Krohn, og i 1870 kalla han Vestmannalaget «det eneste demokratiske i vort Land». På skipingsdagen minnest me Henrik Krohn. Han var ein fin og trufast mann som aldri trøytna i striden for eit norsk Noreg.

**T**id det siste hev det reist seg ein hard og kvass strid mil-lom målmenn. Mange trur at det er usemja frå 1938 som logar opp att; men det er eit mistak. Den hev vara i alle år sidan riksmaktene tynte norsk mål. Striden byrja på årsmøtet i Noregs Mållag i fjar. Professorane Sigmund Skard og Olav Midttun, og den flokken, prøvde å renna Noregs Mållag i koll. Samskipnaden gjorde for lite, vart det sagt. Han var for gamaldags. Nye menn og nye signal laut til, um målreisingi skulde lukkast.

Det er vel ikkje mange som er fullnødde med arbeidet i Noregs Mållag. Det kjem me visst aldri til å verta, og bør det inkje heller. Men det undrar oss at det var Sigmund Skard som brukte dei sterkeste ordi på årsmøtet. For nokre år siden sat Skard i landsstyret. Det synter ikkje so veldig etter honom den gongen, og han gjekk sjølv-mint ut or styret. Det var vel fordi han ikkje tykte det trongst so mykje organisert målarbeid. No kastar Skard seg upp til domar og refesar yver stjorni åt Noregs Mållag. Det er noko som ligg under. Sigmund Skard er med i språknemndi, eit organ som hev til fyrreloge å sameina dei to skriftmåli. Målfolki i Norsk Språknemnd tenkjer at Noregs Mållag kan verta ein temleg reidskap for sam-

norskkpolitikken. Difor gjekk dei til åtak på landsmøtet. Dei tala um ekspansjonline, um nye tider og nye krav. Men det var døslina, gamle tider og gamle krav dei representerte.

Sammorsk-åtaket på Noregs Mållag førde ikkje fram, og den usigeren greider dei ikkje å tola. No fer dei opp gjenom dalar og ned langs strender og talar um blindskap og evnelyøse hjå deim som vil halda uppe eit rent, fagert og fulltonande norsk mål. Og dei skriv um skyntsem og samarbeid, dei som slo ned i-formi, stengde Aasen-folket ute frå alle offisielle mänemnder fyre 1938 — og deretter tok alle plassar i Norsk Språknemnd. Dei hadde ikkje bruk for oss. No melder mothburden seg. Då er det andre læte. No trengst Aasen-fylkingen. Men me svarar: Dei fær hjelpa seg sjølv. Målfolket hev aldri gjeve medlemene i Norsk Språknemnd noko mandat. Dei er ikkje valde av oss. Dei er kalla av riksmaktene til å likvidera nynorsk mål.

På eit møte i Orkdal mållag for ei tid sidan gjekk Sigmund Skard til åtak på «vestlandske stivstikkarar som jamrar seg over at nynorsken ikkje lenger er så 'rein' som han var på Ivar Aasens tid». (Nidaros 22/11 1955.) Eg kjenner ingen vestmann som ynkar seg på den måten. Men eg veit um mange som syng med Aasen:

Naar dei Lygn um Landet senda rundt, og Samningi forvenda  
i ein Storm av Skraal og Ljod;  
naar dei truga Folk aa tegja,  
som eit Ord imot vil segja  
tak det alt med tolugt Mod.

Og mang ein vestmann segjer med Aasen: «Eg heve

no alltid haft ein Otte fyre det, at det vilde ganga baade seit og ubeint med denne Freistnaden, at ymse duglege Menner vilde verda trøytte, og at ymse Fuskarar vilde stiga upp og freista paa aa skjemma ut heile Verket.» Fuskarane hev lenge haft framgang. Men dei skal møta sin dom.

Professor Olav Midttun skriv (Gula Tidend 22/11 1955) at Noregs Mållag ikkje skal leggja seg opp i stri- den um skrivemåten. Riksmakten avgjier all rettskriv- ing; det hev aldri vore ei sak for Noregs Mållag. Men sjølv var då Olav Midttun med i rettskrivningsnemndi åt Noregs Mållag i 1936. Hov han gløymt det? Midttun skreiv under på kritikken utan å dissentera. Meiner Olav Midttun at målfolket heretter skal arbeida i blinde, utan å passa på at det som dei strævar for inkje vert rive ned? Midttun hev vel ikkje skift syn etter han vart målkonsulent i Kyrkjedepartementet? Eg kan segja det stutt og greiddt: I målstriden fylgjer me ikkje Olav Midttun og Sigmund Skard. Me trur på Ivar Aasen og ånds- makti i norsk mål.

mogleg eintydige nemningar til vitskapleg bruk. Norsk Språknemnd gjeng nye vegar. Her skal allting flijota, vera uklårt og tvitydig. Dette er typisk for den politiske verkssemi åt Norsk Språknemnd. Me lyt minnast eit ord av Arne Garborg frå 1913. Etter ei samråde med Johannes Lavik i Bjørgvin skreiv han i dagboksi:

«Den Maalforfuskinsnemndi som siste Storting gjorde Krav paa (og gav Pengar til) ynskte me baae til Blok- berg; anna em Ugnagn er ikkje ventande av den.» Gar- borg kom snart attende til «Samrørings-Maalnemndi» og spådde: «Ei slik Nemnd kan vist ingin Veg koma; men Uhugnad, Mistru, Krangling vert her, og Framgangen i Maalarbeide vil stana, so lengi dette stend paa.» Stoda er den same i dag. Det er gagnaust å driva målreising so lenge Norsk Språknemnd hev makt til å riva ned.

Norsk Språknemnd rådlegg og røystar attum stengde dører. Medlemene vil hindra kritikk frå folk som bru- kar det norske skriftmålet. Men det skal aldri lukkast. På eit møte i arbeidsutvalet 28. september 1955 sa t. d. nemndformannen (vald av Det Norske Samlaget) at formi barn, som er nyn. eintal — og bm. eintal og fleirtal, og born, som er nyn. fleirtal, bør jamstella last i landsmål fleir- tal. Formannen, som høyrer heime i den nynorske gruppa, visste at umbot i braut med norsk folkemål. Men han tykte det var gjøvare å fremja likskap millom nynorsk og bokmål. Her ser me korleis dei tolkar fyremålsparagrafen um samling på norsk folkemåls grunn.<sup>1)</sup> Det norske formverket vert brote ned, vokalharmonien skipla, den norske stilens riven sund og ordskatten lyst i bann. Dei

<sup>1)</sup> Meir um dette i Fridtjov Sørøp: «Målaakademi eller avnorsknings- nemnd?» (1951) s. 4—6.

talar um demokratisk vokster og sosial reising. Men det er språkleg anarki som vert resultatet. Samnorsk er ikkje eit mål; samnorsk er ein partipolitisk svindel.

**I** arbeidet med å løysa opp den nynorske skriftnormalen fær riksmaktene hjelp av lingsvistar som reduserar målet til eit sosialt fenomen. Dei skynnar ikkje at tungemålet er hunde usegjeleg vårt og fint til det inste og djupaste i kvar einskild, at det hev farge og klang frå barnoms liv og landskap.

Det er forunderleg kor nært du er knytt til heimegrendi, til folket og naturi. Dette lendet tonar stødt fram att i store stunder, varmt og brusande. Du møter sumardagen i fjellbygdi. Doggi smelte i den svale morgon, og jordi anga søtt. Du ansa ikkje på fyrr dagen var liden, og det ropa heim. Då var nevane svarte av mold, og du ottast at mor skulde vaska burt sjølve jordangen, han me so gjerne vilde ha med i sengi. Men likamen var trøytt attpå ferder i skog og mark, og smart sonna ein, trygt og godt. Dette er barndomslandet, lukkelandet, som aldri kjem att meir.

Men det er eitt som ikkje kan takast ifrå deg, og som du aldri treng missa: Morsmålet. Eg kjem til å minnast mine eigne dagar i barneskulen på Dovre. Melas framandmålet, og me skreiv det. Det var eit mål utan sjæl, totte me. Det tala ikkje til oss, var berre stive og kalde bokstavar. Men fyrr me skildest for dagen hadde me lov til å syngia på heimemålet. Enno minnest eg vèl kor det vermdie, når me song med Blix at det levna i lundar og lauvast i lid. Då kom vårt eige på innstig, då song

hjarto med, og hugen vart yarm og klår. Liti var skulstova, ikkje serleg tidhøveleg heller. Men det var lukketonar som strøynde til sjæli. Best eg lyder samsong, stig dette minnet fram att, like heimekjært og mjukt kvar gong.

Det er ikkje sant at tungemålet er eit sosialt fenomen og inkje meir. Morsmålet er vår dyraste eige, vårt sjælelege sanningsvitne på jord. Difor skal det reisast til nytt liv, og ovra seg fritt og fagert på gammal grunn.



Ivar Aasen.  
Byste av Augusta Finne 1896.